

# Erfaringskonferansen 13. juni 2023

## Kva gjer vi i Stad kommune



Stad er ein langstrakt og spreiddbygd kommune med 120 kilometer reiseveg frå vestlegaste busetnad ved Stadhavet til dei austlegaste bygdene ved Hornindalsvatnet.

Ein tredjedel av innbyggjarane er busette i kommunesenteret Nordfjordeid. Den spreiddbygde busetjinga er elles nokså jamt fordelt i heile kommunen.

# Stad kommune

## Knutepunkt

### Geografi og fakta

- Geografisk knutepunkt i Nordfjord og på kysten av vestlandet
- Største kommunen i Nordfjord
- Region rundt på 50.000
- Kommune og næringsliv i vekst



**10.000** innbyggjarar

Folketalet i den nye kommunen vert nær 10.000 og er aukande.



**50.000** innbyggjarar

Kommunesenteret Nordfjordeid ligg i ein bu- og arbeidsregion med 50.000 innan 40 min. Viktig senter for kultur og handel.



**4 milliardar** kroner

Bedriftene i nye Stad kommune omset for over 4 milliardar kroner, og forventar omsetningsvekst på nær 1 milliard kroner og ein tilvekst på over 150 nye arbeidsplassar berre dei neste tre åra.



**35** levande bygdesamfunn

Langstrakt kommune med levande bygder og tettstadar.




## Samfunns mål

*Stad kommune er eit  
**livskraftig og trygt** samfunn  
der **vi alle dreg i lag.***



# Visjon



Verdas beste vesle stad



## KAPITELL 1

Visjon og  
hovudelement

Visjonen «Verdas beste vesle stad» viser veg framover.

Den skal samle og inspirere til felles utvikling og endring. Den skal gje oss krefter til alltid å ville nå lenger.

Stad i Nordfjord, lengst vest i Noreg mot det villaste havet. Ein liten stad i verda der du kan få det beste ut av livet – i kvardagen. Her finn du alt på ein stad, av det du egentleg treng i livet. Kommunen er stor nok til å gje deg rom til å leve ut draumane dine – liten nok til å sjå deg og ta vare på deg. Visjonen er inspirert av – og dedikert til folket i Stad.

Posisjonen som «distriktpioner» skal kjenneteikne kommunen vår og det vi står for.



Samfunnet Stad skal utviklast med utgangspunkt i kommunen sin eigenart, og ved hjelp av dette ta ein tydeleg posisjon som «distriktpioner».

Stad kommune skal vere ein føregangskommune for Distrikts-Noreg.

Posisjonen skal engasjere og mobilisere utviklingskraft blant alle som vi er avhengige av å ha med på laget. Stad har energi og kraft til å utvikle ein sterkare kommune og bidra til utvikling av Nordfjord og Vestland fylke.

Energien som finst hos innbyggjarane, naturgitte føresetnader, kulturhistorie og næringsliv er viktig for utviklinga.





Å halde oppe folketalet i Stad og å legge til rette for auka tilflytting blir svært viktig for ei livskraftig utvikling.

Stad må vere ein så attraktiv stad at fleire vil bli verande og fleire ønskjer å flytte hit.

# Bustadpolitisk handlingsplan 2022-2035 i Stad kommune

## Målsettingar, strategiar og tiltak



Stad kommune skal vere ein stad der folk vil bu. Dette er ein føresetnad for å vere livskraftig. Det er innbyggjarane som skapar livsgrunnlaget for Stad kommune og som gir næringslivet nødvendig tilgang på arbeidskraft og evne til å utvikle seg. For at innbyggjarar opplever at dette er ein god stad å bu er trygge og trivelege bustadar viktig.

### Overordna målsetting for bustadpolitikken:

*«Innbyggjarar i Stad kommune har ein god stad å bu.»*

## Samfunnsmål

Stad kommune er eit **livskraftig** og **trygt** samfunn **der vi alle dreg i lag.**



### Samfunnsdel

Felles retning for framtidig utvikling.

Samfunnsdelen gir ei rekke føringar som er relevante for det bustadpolitiske arbeidet.



### Bustadpolitisk handlingsplan

Kunnskapsgrunnlaget omtalar sentrale og lokale rammer og føringar, korleis stoda er i Stad kommune i dag og korleis, ut frå statistikk og prognosar som ligg føre, utviklinga kan verte dei næraste åra.



# Bustadpolitisk plan eller bustadsosial plan?

## Kapittel

---



1 Innleiing →

---

2 Utfordringar og moglegheiter →

---

3 Slik gjer vi det →

---

Stad kommune sin bustadpolitisk handlingsplan er ein tverrfagleg plan. Planen femnar vidt og har konsekvensar for nær sagt alle innbyggjarar og er såleis noko meir enn ein sosial bustadplan.

Bustadpolitisk handlingsplan er eit politisk og administrativt styringsverktøy for den strategiske bustadpolitikken i kommunen.

På den måten set planen retning for alt vidare arbeid med bustadpolitikk, inkludert sosialområdet.

## Overordna målsetting for bustadpolitikken: «Innbyggjarar i Stad kommune har ein god stad å bu.»

Målsettinga er følgt opp av seks strategiske satsingsområde med tilhøyrande strategiar. Strategiane er utarbeidd med utgangspunkt i Stad kommune sin samfunnsdel og nasjonale og regionale føringar, og skal sikre at vi arbeidar på ein måte som gjer at vi når denne målsettinga.





# Strategiske satsingsområde

## 1. Bulyst og stadutvikling


Å halde oppe folketalet i Stad og å legge til rette for auka tilflytting er svært viktig for ei livskraftig utvikling. Dei som bur her skal oppleve at dette er ein så god stad å bu slik at dei vel å bli buande

### Strategiar

1. Jobbe for tilgjengelege bustadar for unge vaksne.
2. Sikre mangfald av busetjing gjennom universell utforming, ulike bustadstyper, standardar og prissegment.
3. Sikre oppdatert informasjon om tilgjengelege offentlege bustadtommer på nett og i prospekt.
4. Legge til rette for innovative buformer i samarbeid med privat næringsliv.
5. Framtidige arealprioriteringar og plassering av tenestetilbod skal vere basert på oppdatert statistikk som befolkningsframskriving.
6. Plassere nye bustader og tenestetilbod der det gjev mest tenneleg løysing med tanke på miljø, klima og samfunnsutvikling. Stad kommune sin overordna arealstrategi legg sentrale føringar for dette.
7. Prioritere fortetting og transformasjon i og nær senterområda, for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde.
8. Sikre og vidareutvikle lokal grønstruktur og tilgang til friluftslivsområde i samband med bustadfelt.

## Bulyst og stadutvikling – Tiltak

Kategori	Namn	I andre planar	Hovudmål	Delmål
Plan	Lage promo-film Stad	Økonomiplan: Ikkje innarbeida	Stad kommune har inkluderande, trygge og attraktive lokalsamfunn og eit berekraftig og innovativt næringsliv.	Stad kommune har ei balansert og livskraftig demografisk utvikling med fleire innbyggjarar spesielt i aldersgruppa 20-40 år, mellom anna ved å tilby attraktive og byggbare tomter.
Plan	Rett bustad til rett tid	Økonomiplan: Ikkje innarbeida	Innbyggjarane i Stad kommune har ein god oppvekst og gode utdannings- og helsetilbod	Stad kommune deltek i pilotordningar som bidrar til å utvikle livskraftige lokalsamfunn og morgondagens berekraftige og innovative velferdstenester.
Plan	Lys i gamle hus prosjekt	Økonomiplan: Ikkje innarbeida	Stad kommune har inkluderande, trygge og attraktive lokalsamfunn og eit berekraftig og innovativt næringsliv.	Stad kommune har ei balansert og livskraftig demografisk utvikling med fleire innbyggjarar spesielt i aldersgruppa 20-40 år, mellom anna ved å tilby attraktive og byggbare tomter.
Plan	Vurdere krav til buplikt	Økonomiplan: Ikkje innarbeida	Stad kommune har inkluderande, trygge og attraktive lokalsamfunn og eit berekraftig og innovativt	Stad kommune legg til rette for vekst og utvikling og tek i vare eigenarten vår, gjennom vern og bruk av areal.





# Bulyst og stadutvikling

## Strategi og tiltak

### Strategi:

Sikre oppdatert informasjon om tilgjengelege offentlege bustadtomter på nett og i prospekt.

### Tiltak:

Årleg oppdatering BuStad magasin.

Stad kommune ønskjer å legge til rette for at flest mogleg skal få oppfylt sin draum om ein god stad å bu.





# Bulyst og stadutvikling

## Velkomen til å bu i Stad



### Ein mangfaldig kommune

Det er mange stadar i Norge der hav møter land på spektakulært vis. Eit av dei mest heftige er ytterst på Stadlandet.

Her surfar Atlanterhavet sine bølger heilt inn på strendene. Det gjev ein heilt unik natur og gode moglegheiter til å kjenne på naturkreftene.

Mange av dei som kjem hit eller har slått seg ned her, er på jakt etter bølger med kraft nok til å surfe på. Hoddevik og Ervik er verdskjende for dei flotte, kvite surfestrendene. – Den lyse sanden kunne like gjerne vore på ein sydhavsey, og når lyset er riktig, freistar vatnet med lokkande turkise fargar.

Men det er langt frå alle som er her for å surfe. Flott turterreng med havørn, sauer, grønne dalsider og ikke minst supe fiskemoglegheiter gjer området attraktivt for friluftsliv og rekreasjon for både fastbuande og besøkande.

stav, enten det er ein sjeldan stille dag eller tåke og storm. Eit lunefullt landskap med loddrette klippevegar ned mot havet, i kontrast til magiske solnedgangar gjev ei naturoppleving for livet.

Det er to tettstadar på Stadlandet: Leikanger med drøyt 400 innbyggjarar og Selje med nær 700. Resten av dei omtrent 1700 innbyggjarane på Stadlandet er fordelt på bygdene Ervik, Hoddevik, Honningsvåg, Eitvik, Borgundvåg og Årvik. Sør om Stadlandet ligg bygdene Flåtraket med 300 innbyggjarar og øya

Barmen. – Alle desse stadar med levande og engasjerte bygdesamfunn til glede for store og små.

I denne delen av kommunen ligg det historiske perler på rekke og rad. Blant desse den heilage øya Selja med Selja kloster og Noregs einaste kvinnelege helgen Sankt Sunniva i spissen. Selje er i dag vertskap for regionalt pilegrimsenter, og er ein av nøkkelstadane på kystpilegrimsleia som går frå Egersund til Trondheim.

I Nordfjord er du også ikkje kronhjerner sitt ville og vakre krige. Om du vil oppleve dette flotte dyret på nært hald kan du ta turen til Nave Hjortefarm som ligg på Bryggja på veg til Stadlandet. Ta gjerne turen innom Bakerie når du er på Bryggja - og nyt den deilige baksten saman med utsikta mot det sagnomsuste landemerket Hornelen i sør.

STAD Hjelle

## Hjelle krins

Hjelle krins er eit populært bustadområde i kommunen, der særleg Mogrenda opplever foretting.

På Haldormarkja jobbar Stad kommune i lag med privat utbyggar for å få til eit stort bustadfelt som vil binde saman bustadfeltet Mogrenda og Fossebakkane nord.

### Hjelle

Dugnadsånd og lagsarbeid står sterk i krinsen. I gymnasen over Hjelle skulemusikk, og på musikkrommet over damekoret D-kor. Her er tre idrettslag - Heia II, Heggabygda II, og Von II, i tillegg til Eid IL som også mange er engasjert i. Her er aktivt 4H-miljø i Klubbane Hestehoven og Heggrossa. Eidsbygda skytterlag har base i området.

På sørsida av Eidselva, om lag ein kilometer ned frå Nor, ligg bustadfeltet i Kviane der det også er kome opp fleire nye bustadhus siste åra. Felles for Mogrenda og Kviane er at her er flate og romslige tomter. Utbyggjane her er i privat regi.

Både Mogrenda og Kviane ligg tilbaketrukk og landlig til med naturen i nabolaget, samtandens som det er kort veg til Nordfjord sentrum. Mykje av for tetta Hjelle krins skjer i området rundt Hjelle skule i Mogrenda, ein L-7-skule for born frå Hjelle og byene rundt. Skulen har moderne bygningssanse, med mellom anna stor gymsal, også brukt til forsamlingslokale. Ein annan kvalitet er dei flate uteområda med kunstgrasbane og leikeapparat. Skulen er matestad for både unge og eldre.

I 2017 vart ein 1100 meter lang gang- og sykkelveg frå Hjellegryset til Nor bruferdigstilt. Det betyr samanhengande gang- og sykkelveg frå Nor bruford til Mogrenda til Nordfjord sentrum. Gang- og sykkelvegen gjev trygg skuleveg og god logistikk for gløande og syklande gjennom bygdane. Det vart bygd ei faser i området i samband med prosjektet.

Bygdene som søkkar til Hjelle krins er Heggabygda, Navelsaker, Holmeyane, Nesbygda, Leivdalen, Kviane og Nor i aust. Hjelle som eit knutepunkt i midten, og med Alsaker og Hildenes i vest mot sentrum.

Europas djupaste drikkevasskjelde Landdøpingselvig er kommunalsvarenet og lakselva Eidselva sentrale element. På Stigedalen har du Fellesanlegget Tua med gode tilhøve for ski, der den seks kilometer lange turen gjennom Flåtdalen inn til Mowatner er mykje nytta til trim og

sykkelvegen frå Hjellegryset til Nor brufordigstilt. Det betyr samanhengande gang- og sykkelveg frå Nor bruford til Mogrenda til Nordfjord sentrum. Gang- og sykkelvegen gjev trygg skuleveg og god logistikk for gløande og syklande gjennom bygdane. Det vart bygd ei faser i området i samband med prosjektet.

Bygdene som søkkar til Hjelle krins er Heggabygda, Navelsaker, Holmeyane, Nesbygda, Leivdalen, Kviane og Nor i aust. Hjelle som eit knutepunkt i midten, og med Alsaker og Hildenes i vest mot sentrum.

Europas djupaste drikkevasskjelde Landdøpingselvig er kommunalsvarenet og lakselva Eidselva sentrale element. På Stigedalen har du Fellesanlegget Tua med gode tilhøve for ski, der den seks kilometer lange turen gjennom Flåtdalen inn til Mowatner er mykje nytta til trim og

trening. På Fellesanlegget er det lysløype og skytebane. I dette området ligg mange av dei mest populære toppturnane i området, med Vedvikbått, Jella-king, Heggabygda, og med Eidskyrkja og Sunddalsøya innomfor.

Er du glad i natur og friluftsliv er her eit mangfald av tilbod, alt frå den barnevennlige naturmatestaden Gildra, til fattur til Hjelle sentrum, spektakulære topptrær, kajakkpaddling på eit blikkstille vatn, og bading i Vedvikvågen. Europas djupaste innsjø er trygg drikkevasskjelde frå Hjelle til sentrum.

Det er allsidig næringsliv i Hjelle krins, med næringsgar som jø, drukk, handverk, turisme, handel og ymse entreprenørverksemd. Forvarevret står sentralt i historia og dagleglivet her, sidan Firda kaserne er base for øvingar og kurs i heimvernsavdelinga HV11.



# Bulyst og stadutvikling

## Strategi og tiltak

### Strategi:

Legge til rette for innovative buformer i samarbeid med privat næringsliv.

### Tiltak:

Rett bustad til rett tid.

Nyhende →

## Leikar med tanken om mikrohus til tilflyttarar

Stad kommune leikar med tanken om at mikrohus kan vere løysinga for nytilflyttarar som vil prøvebu distriktet.



Stad kommune er på idestadiet om etablering av mikrohus som utleige, slik at tilflyttarar kan prøvebu i kommunen ein periode.

Ingebjørg Nilsen Stokkenes

Oppdatert: mandag 8. november 2021 kl. 13:48

Artikkelen er mer enn ett år gammel

– Rett bustad til rett tid er viktig, men korleis tilretteleggar vi for prøvebuing i Stad? Ikkje alle som kjem vil bygge seg hus med ein gong dei flyttar hit, konstaterer Arild Vonheim i Stad kommune.

Han fortalde om ideen då Stad vekst inviterte næringslivet til møte før helga.



## Strategi

Legge til rette for innovative buformer i samarbeid med privat næringsliv.





## Strategi

Legge til rette for innovative buformer i samarbeid med privat næringsliv.



Ferdig utvikla eit mikrohus basert på modulkonseptet. Eit mikrohus er under 30 kvadrat, men består av dei same funksjonane som eit hus.

Frå 1. juli 2023 gjelder nye reglar for mikrohus. Reglane har til hensikt å tilretteleggje for alternative buformer slik at det blir enklare og meir kostnadseffektivt å bygge mikrohus til boligformål.

# Strategiske satsingsområde

## 3. Frå leige til eige

Å eige bustad betraktast som eit mål folk må kvalifisere seg for å få. Ein bør sjå bustaden som hjelp til sjølvhjelp, eit verkemiddel i arbeidet med integrering og fattigdomstiltak.

### 3.3.1 Strategiar

Namn på strategien	I andre planar	Hovudmål	Delmål	Satsingsområde
Auke aktiv bruk av økonomiske bustadsosiale verkemidlar.		Innbyggjarane i Stad kommune har ein god oppvekst og gode utdannings- og helsetilbod	Ved å redusere sosial ulikskap har innbyggjarane i Stad kommune dei same moglegheitene og fridomen til å skape si eiga framtid.	Godt tenestetilbod
Fleire skal eige – hjelpe unge, einslege og «vanskelegstilte» med å kjøpe bustad.		Innbyggjarane i Stad kommune har ein god oppvekst og gode utdannings- og helsetilbod	Ved å redusere sosial ulikskap har innbyggjarane i Stad kommune dei same moglegheitene og fridomen til å skape si eiga framtid.	Godt tenestetilbod





# Strategiske satsingsområde

## 3. Frå leige til eige

### Tiltak:

- Oppdatere retningsliner for opptak av startlån
- Marknadsføring av startlån.

Gjennom tiltak i bustadplanen satsar vi på at ein meir aktiv og målretta bruk av startlån.

Startlånet skal nyttast til å få fleire over i eigd bustad og som eit verkemiddel for at fleire kan få ein godt tilrettelagt bustad.



# Strategiske satsingsområde

## 6. Organisering



Bustadarbeidet i Stad kommune skal organiserast med fokus på heilskapleg og tverrfagleg innsats for å styrke kommune sin rolle som premissgjevar, tilretteleggjar og samfunnsutviklar. Tydelege ansvarsfordeling, gode rutinar og tverrfagleg samhandling er vesentleg for å sikre innbyggjarar gode og berekraftige tenester.

### Strategiar:

- Samordne kommunen sin innsats for bustadpolitiks arbeid
- Styrke tverrfagleg samarbeid internt
- Styrke tverrfagleg samarbeid med eksterne



# Rekrutteringsprosjekt

Fjordabladet Nyhende Sport Kultur Meininger Bildegalleri E-avis MENY

## heimflyttarar og tilflyttarar

Fokus på rekruttering og fleire innbyggjarar skal settast i system.



Rekruttering: I Stad vekst si prosjektgruppa for rekruttering finn ein f.v. prosjektleiar Olav Hjelle, Arnt-Ivar Naustdal frå Malakoff Rockfestival, Linda Hovland frå Framtidsfylket, Janne Endal Andersson frå Eid kommune, Jon Frogner tilflyttar og dagleg leiar i mediebyrået Maskinen AS, Ole-Matias Nes, heimflyttar og konsulent i States vegvesen, Sunniva Djupedal, tilflyttar og dagleg leiar i designbyrået Blåmyra i Selje og Elin Paulsen frå Eid kommune. FOTO: INGEBJØRG NILSEN STOKKENES

### Målsetting:

Auke bulyst – skaffe nødvendig arbeidskraft innanfor fleire kompetanseområde.

### Inspirasjon til innflytting

Sette oss på kartet! Synleggjere våre kvalitetar, bredda av spennande moglegheiter, tilbod og kompetansearbeidsplassar.

Hindre utflytting – skape felles identitet, tilhøyrslø og trivsel.

## Strategi

### Styrke tverrfagleg samarbeid med eksterne

# Stinn brakke på fagdag om framtidens bustadbygging

– Det var tilnærma stinn brakke. Det fortel adm. dir. Bjarte Alræk og seniorrådgjevar Frode Hovlandsdal i Husbanken, etter fagleg samling på Nordfjordeid for folk innan byggebransjen.



FAGDAG: Rådgjevar Arild Vonheim (i midten) i Stad kommune inviterte til temadag om bustad. Her saman med adm. dir. Bjarte Alræk(t.v.) og seniorrådgjevar Frode Hovlandsdal(t.h.) i Husbanken. FOTO: ANNA WUTTUDAL

**Anna Wuttudal**  
91 38 11 54

Oppdatert: torsdag 28. april 2022 kl. 12:37

Tysdag var Husbanken på vitjing på Nordfjordeid, for å orientere om dei moglegheitene for finansiering som ligg i deira verktøykasse. Både entreprenørar, arkitektur, investorar og andre innan byggebransjen var lydhøyre til det to kjekke karar frå Husbanken hadde å by på og spent på kva Stad kommune har behov for og korleis dei ønskjer å få bustadene realiserte.





Temakveld  
Bustad  
26. april

## Velkommen

26. april inviterer Husbanken og Stad kommune til temakveld om bustad! Denne ettermiddagen sett vi merksemd på lån til førstegangskjøpara, aldersvennleg bustader og kva vi kan tilby innbyggjarane i kommunen vår!

### 17.30 - 17.40 Velkommen

### 17.40 - 18.00 Bu i Stad

- o Bustadarbeid v/Stad kommune

### 18.00 - 18.35 Kva kan vi tilby

- o Startlån og tilskot til bustader v/Husbanken

### 18.35 - 19.00 Aldersvennleg bustad

- o Korleis kan ein planlegge og tilrettelegge eigen bustadsituasjon v/ergoterapeut Hilde Isane Hjelle
- o Erfaringar med å bytte bustad v/Nils-Helge Løkling

#hjarstestad



Husbanken



Stad kommune



Tysdag 26. april  
Kl. 17.30-19.00

Stad:  
Nordfjord hotell

Deltakinga er gratis og  
open for alle!



Temadag  
bustad  
26. april

## Velkommen

26. april inviterer Husbanken og Stad kommune til temadag om bustad! Denne føremiddagen sett vi merksemd på behov, moglegheiter og aktuelle løysningar for framtidens bustadbygging!

8.45 - 9.30 Frukost

9.30 - 9.40 Velkommen

9.40 - 10.00 BuStad

- o Bustadarbeid v/Stad kommune
- o Kunnskapsgrunnlag bustadplan v/Stad kommune

10.00 - 10.30 Kva kan vi tilby

- o v/Husbanken

10.30 - 10.45 Pause

10.45 - 11.30 Bulyst - Etablering av bustad

- o Presentasjon av Apotekargarden og Lindhagen - bustadprosjekt i Førde v/Sunnfjord kommune
- o Utviklingsprosjekt for nye bustader i tidlegare sjukeheimsbygg – Bremanær kommune

#hjarstestad



Husbanken



Stad kommune



Tysdag 26. april  
Kl. 09.30-11.30  
Vi byr på gratis frukost  
frå kl. 8.45!

Stad: Nordfjord hotell

## Strategi

### Styrke tverrfagleg samarbeid internt

Bustadpolitisk handlingsplan er ein handlingsorientert plan, den har innsatsområde og tiltak knytt til administrativ organisering av arbeidet. Korleis skal kommunen som organisasjon arbeide på det bustadpolitiske området.

Planen skal bidra til eit tettare samarbeid eit meir tverrfagleg fokus på bustadarbeidet.

Korleis kan vi i felleskap arbeide koordinert og målretta for å nå mål og iverksette planen sine tiltak.





## Strategi

### Samordne kommunen sin innsats for bustadpolitisk arbeid

Jobbe med kunnskaps-grunnlaget, strategiar og tiltak i lag med næringsliv, politiske råd og utval.

Nyhende –

## Kraftig forgubbing i Stad - folketalet vil truleg gå ned

Folketalsframskrivingar frå SSB viser at det i åra framover blir ein sterk auke i tal eldre personar i Stad kommune. Talet på innbyggjarar i yrkesaktiv alder er lågare og andelen over 67 år er høgare enn for landsgjennomsnittet.



PRESENTERTE TALGRUNNLAG: Rådgjevar Arild Vonheim presenterte tal som dannar grunnlag for utarbeiding av bustadpolitisk handlingsplan og kommunedelplan for helse og omsorg. FOTO: ANNA WUTTUDAL

## Felles «verktøykasse»



**Visit Nordfjord.** Destinasjonsselskap for Nordfjord – eit samlingspunkt for aktørar, kommunar og fylkeskommune. Gjennom tydelege råd og rettleiing skal VN bidra til at Nordfjord er ein framoverlent destinasjon. Har ansvaret for nasjonal og internasjonal marknadsføring av destinasjonen som heilskap.



**Nordfjordakademiet.** skal ilag med ei brei gruppe samarbeidspartnerar utvikle seg til å bli ein sentral hub mellom næringsliv i den offentlege og private sektor, utdannings institusjonar, skular og alle som ønskjer å vite meir om moglegheitene som finns i Nordfjord.

**Nordfjord opplæringskontor.** Tverrfagleg opplæringskontor


**Stad Vekst.** Skal fremje næringsinteresser i Stad kommune.






## Kor alle jobbar saman med å løyse felles utfordringar

Frå ein tradisjonell struktur.....



....kor alle stilte krav til kommunen....

....til ein samskappingsstruktur.....



....Kor alle jobbar saman med å løyse felles utfordringar...



## Samskaping

- Aktiv inkludering
- Felles eigarskap til både problem og løysning
- Tillit til kvarandre

*«Saman skal vi sikre best mogleg løysning»*

